

**Universitetet i Stavanger  
Det humanistiske fakultetet**

**ARBEIDSGRUPPA HUM 06/10**

**Møtereferat**

Onsdag 6. oktober 2010  
K1 12.00-15.00  
Humanistisk fakultet

Til stades:

Tor Hauken, leiar  
Gaute Auestad, felles fagleg representant SAF & SLF  
Anita Berge, fagleg representant IFU  
Rune Giske, fagleg representant IAS  
Odd Folke Topland, fakultetsdirektør  
John B. Møst, universitetsdirektøren sin representant  
Nils Mæhle, ekstern representant  
Dag Jostein Nordaker, fagleg representant IMD  
Trine Oftedal, studentrepresentant  
Lise Øzgen, IMD (vikar for Leith Symington)  
Eilef J. Gard, sekretær

Harald Høie var innkalla til dette møtet

Tor Hauken innleia.

**Modell for samordning av ressurser**

Harald Høie var invitert til dette møtet for å presentera ein modell for betre samordning av ressursene i dei ulike programma. Modellen er brukt på IKS og PPU med godt resultat.

Målet er å spara ressurser, fordela ressursene likt og oppretthalda fagleg kvalitet.

Høie viste eksempel på samkjøring av undervisning i engelsk på GLU1 og GLU2 med felles førelesingar og separate seminargrupper.

Kommentar frå gruppa: Premissa i dei nye GLU-ane lagar skott mellom t.d. førskulelærerutdanninga og grunnskulelærerutdanningane. Innstillinga frå gruppa må prøva å ta fatt i dette.

**Statsbudsjettet**

Tor Hauken orienterte om statsbudsjettet for UiS og Det humanistiske fakultetet.

UIS vil få 60 nye studieplasser på GLU i løpet av dei neste fire åra (15 pr år). Dette vil medføra fleire nye stillingar. Pr i dag brukar instituttet 27 stillingar til allmennlærerutdanninga.

**Arbeidet med innstillinga**

Gruppa etterlyste meir grunnlagsmateriale til å arbeida med før neste møte.

Gruppa konkluderte med at det vil verta laga ein rapport som svarar på oppdraget frå styret. Denne rapporten vil presentera ein modell for samordning, gi eksempel og visa ei retning. Vidare arbeid med samordning vil føregå i fakultetet på grunnlag av dei vedtaka som vert gjorde.

**Møteplan**

Eit mindre arbeidsutval beståande av Tor Hauken, Odd Folke Topland, Harald Høie og Eilef Gard vil møtast måndag 18. oktober kl 14 – 16.

Neste møte i arbeidsgruppa vert onsdag 27. oktober kl 09.00 – 11.30.

Eilef J. Gard  
Sekretær